



Høyanger, 21.2.07

Nærings- og handeldepartementet
Postboks 8014 Dep.
0030 OSLO

Høyring om tenestedirektivet

Me syner til høyringa og vil som høyringsfråsegn herifrå syne til foreininga sitt styrevedtak frå des. 2005:

I januar 2004 la EU-kommisjonen fram sitt omstridde framlegg til nytt direktiv om handel med tenester i EU sin indre marknad. Sentralt i framlegget står det såkalla opphavsland-prinsippet. Det betyr at ein tenestetilbydar kan følgje regelverket i sitt heimland og at det også er styresmaktene i heimlandet som skal sjå til at reglane blir etterlevde.

Det er innlysande at dette direktivet vil innebere sosial dumping av arbeids- og lønsforholda i dei vestlege EU-landa. Arbeidsfolk og lønsmottakarar sine kår vil bli sett under eit enormt press som fagrørsla ikkje kan godta. Poenget frå fagrørsla si side må jo vere å løfte dei aust-europeiske arbeidarane opp på vårt nivå, ikkje å sende oss tilbake i historia.


Tenestedirektivet vil også bli gjort gjeldande i EØS, dvs. også i Norge, dersom vi ikkje yter motstand. Det var difor gledeleg at den nye regjeringa i Soria Moria-erklæringa seier at den vil "arbeide for at EU ikke gjennomfører et tjenestedirektiv som fører til sosial dumping.". På den andre sida er dette ikkje meir enn vi har lov til å forventa slik LO medverka i stortingsvalet.

Det har lenge vore usikkert om opphavsland-prinsippet i det såkalla teneste-direktivet vil bli vedteke. Det er då viktig å vere klar over at EU-parlamentet sitt utval for den indre marknaden no har vedteke det omstridde tenestedirektivet. Euro-LO har allereie fordømt vedtaket og meiner det vil gje grønt lys for sosial dumping.

På bakgrunn av at innhaldet i den mest omstridde delen av tenestedirektivet no ligg an til å bli vedteke, vil FLT peike på regjerings-erklæringa sine lovnader om "En mer offensiv europapolitikk". I denne saka må Norge ta i bruk reservasjonsretten i EØS-avtalen slik også LO har teke til orde for. Gjennomføring av opphavslands-prinsippet i tenestedirektivet vil innebere at LO sitt arbeid for å sikre norske arbeidsfolk og lønsmottakarar langt på veg er bortkasta. Vi forventar at Regjeringa og stortingsfleirtalet hugsar LO sin innsats for raudgrønt fleirtal ved stortingsvalet i haust og at tenestedirektivet ikkje blir innført i Norge.

Med helsing
FLT-avd. 086

Oddvin Hovland
Leiar (sign.)


Einar Rysjedal
sekretær